

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 27. mai 2014.

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Jon Rikard Kleven, Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Erik Skjervagen, Halvor Homme, Per Dehli, Øyvind Tveit, Hans Kristian Lehmann Brit Houge, Ketil Kiland, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.
Frå Fylkesmannen i Telemark møtte seniorrådgjevar Stein Elseth.

Innkalling og sakliste vart samrøyses godkjent.

Sak 33/2014 Referat frå rådsmøte 18. mars 2014.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 18. mars 2014 vert samrøystes godkjent.

Sak 34/2014 Orientering om Tingretten/jordskifteretten.

Vest-Telemarkrådet vedtok i møte 21. januar 2014 å invitere jordskifteretten/tingretten til eit seinare møte med tanke på nærare orientering/drøfting. Sorenskrivar Dag Bjørvik og jordskifterettsleiar Svein Dag Midtsund var tilstades i rådsmøtet 27. mai.

Utgangspunktet for saken er eit brev frå domstoladministrasjonen der dei ber om synspunkt på moglege samanslåing av hhv tingrettane og jordskifterettane. Begge rettsinstansane har meddelt at dei ikkje ser samanslåing som nokon god løysing, og at ein heller ynskjer å vidareutvikle samarbeidet mellom dei 2 domstolane som alt er samlokalisert i Kviteseid.

Tingretten har vore her i 400 - 500 år og jordskifteretten kom i 1942.

Domstoladministrasjonen (DA) er aktiv i høve til strukturendringar, og det er strukturdebatt "heile tida". Den siste spørjerunden viser at 60 % av sorenskrivarane er positive til endringar, medan jordskifterettane vesentleg er negative til dette.

DA legg vekt på større regionale sentra, storleik og samlokalisering, og det er grunn til å tru at kommunereform, politireform og domstolreform heng saman.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

VTR ser moglegheit for å etablere ei nettverksgruppe mellom Rådet og Vest-Telemark Tingrett/Øvre Telemark Jordskifterett. Domstolane vil vurdere dette og koma attende til saken.

Sak 35/2014 Utviklingsprogrammet for byregionar.

I denne saken var Lene Hennem og Geir Morten Johansen frå Telemark fylkeskommune og Geir Lyngaas frå Distriktssenteret tilstades og orienterte nærare om saken.

Utviklingsprogrammet er ei tilskotsordning som skal bidra til auka samspel mellom by og omland og styrke desse områdas vekstkraft. Målsettinga er å kome fram til lokalt forankra strategiar og tiltak med utgangspunkt i samhandling mellom byen og omlandet.

Programmet er delt i 2 faser der fase 2 går over 3 år. Søknadsfristen for fase 2 er mars 2015 og set krav til at tema er bestemt. Før dette må ein kartlegge moglege samarbeidsområde.

Hvis Vest-Telemarkrådet ynskjer seg inn i prosessen er tida inne no. Dette må forankrast politisk i kvar enkelt kommune, og ordninga krev at 1 av kommunane må stå som formell søkjar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 36/2014 Kommunereform i Vest-Telemark.

Stein Elseth frå Fylkesmannen i Telemark var tilstades i denne saken.

I møte 18. mars 2014 handsama Vest-Telemarkrådet forslag om å setje i verk eit forstudium med ein brei prosess for å avklare kommunanes standpunkt til ei mogleg framtidig kommunesamanslåing. Mellom anna i påvente av ei utgreiing tinga av Vinje kommune, vart saken utsett til neste rådsmøte.

Til rådsmøtet 27. mai låg nemnde utgreiing føre saman med forslag til mandat for eit forstudium. Under ordskiftet kom det mellom anna fram at Fylkesmannen i lag med KS skal ha ei felles samling i slutten av august omkring dette temaet. Vidare skal regjeringa utarbeide eit standardisert faktagrunnlag som skal ligge føre etter sommarferien.

Vedtak: Saken vert utsett til møte i Vest-Telemarkrådet 26. august. Samrøystes vedtak.

Sak 37/2014 Høyringsuttale til fellesprosjektet mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder. Sluttrapport til høyring.

Det låg føre invitasjon til å kome med uttale i høve sluttrapport for eit fellesprosjekt mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder. Uttalefrist er i utgangspunktet sett til 23. mai, men vart etter avtale forlenga med tanke på handsaminga i Vest-Telemarkrådet.

Fellesprosjektet har hatt som mandat å greie ut mogleg fusjon eller utvida samarbeid mellom dei 2 institusjonane. I høyringsbrevet er det skissert 5 punkt ein ynskjer tilbakemelding på, mellom anna synet på hovudspørsmålet om fusjon eller institusjonelt samarbeid.

Det låg føre forslag til uttale med tilråding om å velje institusjonelt samarbeid.

På møtet fremma Halvor Homme fylgjande alternative forslag til uttale:

"Vest Telemarkrådet støtter Høgskolen i Telemark sin ambisjon om å oppnå universitetsstatus. Vest Telemarkrådet mener at et fusjonert HiT og UiA har mulighet til å bli en kraftfull utdanningsinstitusjon som bedre kan hevde seg i kampen om ressurser og kompetanse. Vest Telemarkrådet anbefaler derfor styrene ved de to utdanningsinstitusjonene om å gå videre i prosessen med en fusjon."

Under avstemming fall det alternative forslaget, og det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale i saken.

Vedteke med 4 mot 2 røyster.

Sak 38/2014 Høyring - Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbiler.

Det låg føre invitasjon frå Samferdselsdepartementet til å kome med innspel til Transnovas forslag til nasjonal strategi og finansieringsplan for infrastruktur for elbilar.

I forslaget blir det peika på ei rekkje prinsipp som bør ligge fast fram mot 2020 mellom anna open tilgang for brukarane, tilstrekkeleg nettkapasitet og samordna betalingssystem.

Transnova foreslår i tillegg til byområda, å bygge ut transportkorridorane slik dei er oppgjevne i Nasjonal Transportplan, herunder E134.

Det låg føre 2 ulike forslag til uttale i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til "uttale nr 2" der ein får fram ein breidare informasjon om E134 og sidegreinene. Samrøystes vedtak.

Sak 39/2014 Orienteringssaker.

Organisering av innkjøp av kollektivtrafikk i Telemark.

Erik Skjervagen orienterte om arbeidet i nettverksgruppa for kollektivtrafikk og viste mellom anna til tidlegare orienteringar i Vest-Telemarkrådet.

Kollektivsaken har vore gjennomgangstema i lang tid. Kontraktsform og val av innkjøpsorgan er svært viktige spørsmål for distrikta, og dette skal opp til endeleg handsaming i fylkestinget i juni.

Erik refererte til møte 26. mai i representantskapet i Arbeiderpartiet der det vart tilrådd å vidareføre nettokontrakter i heile fylket samt tilbakeføre administrasjonen av kollektivtrafikk til fylkeskommunen. Vedtaket vart gjort med 28 mot 16 røyster og er vonleg bindande for AP si fylkestingsgruppe i saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak 40/2014 Tilleggssak - Framdrift vidare planarbeid for strekningen Åmot - Vinjesvingen.

Det låg føre tilleggssak om å få til vidare planarbeid for strekningen Åmot - Vinjesvingen. Med utgangspunkt i vedteke planprogram gjeldande utarbeiding av reguleringsplan med konsekvensutgreiing, ynskjer ein no at Statens vegvesen tek ansvar for å få fram desse i samarbeid med Vinje kommune.

Vedtak:

- a. Vest-Telemarkrådet ser det som svært viktig å få bygd ny veg på strekningen Åmot - Vinjesvingen på E134, ikkje minst av omsyn til trafikktryggleik og regularitet heile året.*
- b. E134 er ein statleg veg. Vi ber Statens vegvesen ta ansvaret for å få fram planer i tråd med vedteke planprogram og i samarbeid med Vinje kommune.*
- c. Det vidare planarbeidet må finansierast. Vegvesenet må arbeide aktivt for å få denne finansieringa på plass.*

Samrøystes vedtak.

Sak 41/2014 Tilleggssak - Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, oppstartmøte.

Det låg føre invitasjon til oppstartmøte for *Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli* i Bø 28. mai. Kommunar, organisasjonar næringsliv og fylkeskommunar er tidlegare innvitert til å delta i dette forumet, og det er lagt opp til økonomiske bidrag i perioden 2014 - 2017.

3 av kommunane i Vest-Telemark er så langt inne i Lyntogforum, og regionråda er også på lista over inviterte.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet er positiv til å gå inn i Lyntogforum og er innforstått med kontingent på kr 5000,-. pr år i perioden 2014 - 2017.

Vest-Telemarkrådets kandidatar til styret er: Arne Vinje og Torstein Tveito.

Samrøystes vedtak.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes